

Forskrift om endringer i forskrift om tilskot frå Merkur-programmet (Merkur-forskrifta)

Fastsatt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 23 mai 2018 med heimel i dei årlege budsjettvedtaka til Stortinget, kap. 550, post 73.

I Merkur-forskrifta gjerast følgande endringar eller tilføyingar:

- § 11 første ledd bokstav b, nytt anna punktum: *"Det kan gjerast særskilte vurderingar for butikkar som har mellom 5 og 10 kilometer avstand til næraste alternative innkjøpsstad"*
- § 11 første ledd bokstav d endrast til: "har inntil 13 millionar kroner i årsomsetning eksklusiv meirverdiavgift, drivstoff, kraftfôr og gjødsel"
- § 11 tredje ledd skal endrast til: "Maksimalt støttebeløp er inntil 600 000 kroner eksklusiv meirverdiavgift kvart år".
- § 12 første ledd: "Ein butikk som har inntil 8 millionar kroner i omsetning kan få tilskot med inntil 75 prosent av dei totale kostnadene i prosjektet."
- § 12 anna ledd: "Ein butikk som har mellom 8 og 13 millionar kroner i omsetning kan få tilskot med inntil 50 prosent av dei totale kostnadene i prosjektet."
- § 16 bokstav b: "har mellom 4 og 8 millionar kroner i årsomsetning eksklusiv meirverdiavgift, drivstoff og kraftfôr/gjødsel."
- § 22 bokstav c: "har under 4 millionar kroner i årsomsetning eksklusiv meirverdiavgift, drivstoff, kraftfôr og gjødsel"
- § 28 nytt anna ledd: *"Ladestasjon for elbil inngår også i ordninga."*
- § 28 noverande anna ledd blir nytt tredje ledd
- § 28 noverande tredje ledd blir nytt fjerde ledd: